



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

1 8 JUL 2014

Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Att: Torbjørg Austrud

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingebjørg Midthun - 56520204

Vår referanse:
2012/139034-005

Dykkar referanse:
12/1428-2

Vår dato:
16.12.2013

Fv. 315 - Omklassifisering av del av Bavallsvegen

Viser til synfaring om «gamle» Bavallsvegen Fv 315, hp 50 km 0,680-1,600 den 23. mai i år. Her vart vegen synfart og tiltak er opplista i referat skrive av Voss kommune.

Statens vegvesen får ikkje utført dei spesielle tiltaka som går ut over vanleg drift før vinteren, og me tar difor brøyting og vinterdrifta ein vinter til.

Statens vegvesen vil utføra ein del utbetringar før Voss kommune overtek vegen. Dette er opplista i vedlagt referat. Me vil gjera dei fleste tiltaka, men har fylgjande kommentarar som viser til referat:

Plassering 200 m, Kisteveit skiftast ved behov – vurderast grundigare.

Plassering 300 m, det vert undersøkt med grunneigar om det er røyrsystem som ivaretek vatn for kum ved hus 102. Er det røyrsystem som fungerer, vert det ikkje lagt nye.

Røyr i Skjerpesvegen er kommunen sine.

Plassering 800m, det vil verta lagt rist, men etter standard som elles er, såleis ikkje sjølvreiskande. Gro vil bli reinska og rydda, ser ikkje at plastring er hensiktsmessig.

Det vil ikkje verta montert nytt rekkverk på stadar det tidlegare ikkje har vore rekkverk. Generell grøftereinsk og reinsk av kummar vert utført før overlevering.

Ynskjer ei tilbakemelding på om dette er i orden, slik at fylket kan gjera vedtak når desse arbeida er utført.

Planen er at det til neste år kjem midlar for å kunne utføre utbetringar som har vore diskuterte. Når dette arbeidet er utført reknar me med at Voss kommune er klar til å overta vegen.

Med helsing
Veg Voss og Hardanger

Lars Øyre
Seksjonssjef

Ingebjørg Midthun

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Referat

Synfaring Bavallsvegen

Dato: 23.05.13

Deltakarar:

Frå Voss kommune: Torbjørg Austrud, Terje Knapstad, Steinar Een

Frå Statens vegvesen: Ingebjørg Midthun, Einar Selland

Referent: Steinar Een.

Referat til: Deltakarane.

Føremålet med synfaringa:

Kommunal overtaking gammel fylkesveg Bavallsvegenlengde ca. 900 meter.

0 meter X Trå – 900 meter X øvre ende nye Bavallsvegen

Spesielle punkt:

Plassering

Ny røyr og inntak med rekkverk som er godkjent etter dagens krav.	200 m
Lanbruksinnpåkøyring på nedside har for bratt innpå køyring heilt inntil veggen	200 m
Mur på nedside utrasa, betongkant er rasa ut og er for låg.	200 m
Kisteveit byttast ut med ny røyr, betre inntak.	200 m
Grøft på innside manglar.	200-300 m
Sig på ytterkant , dårleg ytterkant.	300 m
Dårleg mur, manglar rekkverk.	300 m
Manglar røyr under innkøyring v/hus nr 102.	300 m
Kryssande skikkrenne dårleg inntak og grøfting, kumme med tilgang nedside manglar.	400 m
Sig ytterside,dårleg kant / undergrunn. Dårleg asfalt.	400 m
Kontroll av røyr over innkøyring oppside , grøfting.	400m
Rekkverk for lågt, betongstein byttast ut med stålskinner.	400 m
Sandfangkum (firkantkum utan flyteramme) må byttast ut.	500 m
Dårleg rekkverk på nedside.	500 m
Grøft langs oppåmurt mur må renskast og ryddast opp.	500 meter

Kontroll av kryssande røyr (gro).	600 m
Kontroll av røyr under innkøyring Skjerpesvegen, dårleg inntak manglar inspeksjon kun nedside.	700 m
Betongstein byttast med stålrekkverk.	700 m
Rekkverk ved hus nr.148 er dårleg.	700 m
Masse utskifting av dårleg grunn i sving.	800 m
Manglar avløp veg grøft, renn inn i avkøyring / garasje.	800 m
Gro manglar godkjent inntak med sjølvrenskande rist.	800 m
Plastring av gro oppstrøms inntak.	800 m
Kontroll av kryssande stikkrenne.	800 m

Generelle punkt

Kantslått og rydding av tre og busker langs heile vegen.

Veggrøft må renskast langs heile vegen.

Asfalt sig og ugjevnheiter må reasfalterast.

Asfalt kantar / saging må reasfalterast